



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

10 JUL 2015

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelingen
pb 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Trond Hollekim - 55516167

Vår referanse:
2015/043243-001

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.07.2015

Fv 556 Hjellestadvegen. Trafikksikringstiltak Tefreflaten og kryss fv 174 Mildevegen / kv Grimseidvegen.

Bergen bystyre har i bystyrevedtak 17.9.2014 sak 203/14 vedtatt følgjande merknad :

Ny informasjon vedrørende veiene i Hjellestadorrådet viser at trafikksituasjonen er langt mer alvorligere enn tidligere antatt og målt. Bystyret anmoder byrådet å gjøre henvendelse til Fylkeskommunen angående trafikksituasjonen på fylkesveiene i Hjellestadorrådet. Dette gjelder spesielt to forhold :

- *Fartsdempende tiltak på Hjellestadveien (Tefreflaten)*
- *Trafikksikre for myke trafikanter i krysset Mildeveien/Grimseidveien*

Fv 556 Hjellestadveien og fv 174 Mildevegen er fylkesveg, der Hordaland fylkeskommune er vegeigar, medan Statens vegvesen er faginstans og har sektoransvar for trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet.

Oversendinga frå Bergen kommune gjeld to forhold som her vil bli omtalt separat.

1. Fartsdempande tiltak på Hjellestadveien (Tefreflaten)

FAU ved Hjellestad skole fremja i april 2014 forslag om fartsdempande tiltak i ei vegstrekning på fv 556 Hjellestadvegen mellom avkøyringa til Bergen Seilforening og krysset med Gamle Synningavegen, også kjend som Tefreflaten. Ønske om fartsdempande tiltak er knytt til at det omtrent midtvegs på Tefreflaten er eit kryssingspunkt, som mellom anna blir nytta av skuleborn frå vestsida som skal til Hjellestad skole.

I inneverande byggeprogram for 2015 eller i handlingsplan for trafikksikring 2014-17 er det ikkje prioritert trafikksikringstiltak på denne strekninga av fv 556 Hjellestadvegen.

Trafikkmengda i Hjellestadvegen er i snitt 2500 kjøretøy pr døgn pr år (ÅDT). Veggen er relativt smal, og det er ikkje langsgåande tilbod til mjuke trafikanter på strekninga. Det er veglys langs austsida av veggen, der eit av veglyspunkta er i avkøyringa ved kryssingspunktet. Kryssingspunktet ligg på ei rettstrekning, og siktilhøva er gode - ein føreset då at vegetasjon langs veggen er rydda.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Fartsmåling ved kryssingspunktet på Tefreflaten i perioden 28.5-2.6.2014 viste at gjennomsnittsfarten i begge retningar ligg på 48-49 km/t. Når vi ser på 85%-fraktil av fartsmålingane (det fartsnivå som 15% av køyretøya overskrid) så ligg dette på 56-57 km/t. Målingane viser eit fartsnivå som er nokså normalt for ei slik strekning med fartsgrense 50 km/t.

I Bergen kommune si oversending blir det vist til *ny informasjon vedrørende veiene i Hjellegstadsområdet viser at trafikksituasjonen er langt meir alvorleg enn tidlegare antatt og målt*. Denne nye informasjonen har, etter det vi forstår, samanheng med at FAU Hjellegstad skule viser til at fartsmålingane inneheld enkelte høge fartsregistreringar.

Statens vegvesen har ikkje gjort andre registreringar eller fartsmålingar som skulle tilseie eit anna fartsnivå enn det som er målt.

I dei aller fleste fartsmålingar vil ein diverre finne enkeltregistreringar med høg fart - i dette tilfellet viser registreringane nokre enkeltfartsmålingar med høg fart, i all hovudsak om natta. Dette kan sjå ut til å samsvare med dokumentasjon og merknad frå Politiet datert 30.9.2013 om resultat av fartskontrollar. Det er ikkje praksis å fastsetje tiltak ut frå eit fåtal enkeltregistreringar som ikkje er representative. Generelt skal ein legge til grunn fartsnivå dvs. nemnde 85%-fraktil som dimensjonerande fart i samband med vurdering og planlegging av fartsdempande tiltak, gangfelt mv. (jf t.d. Statens vegvesens handbok V127 Gangfeltkriterier, V128 Fartsdempende tiltak).

I perioden 2004-2014 er det registrert 3 politirapporterte trafikkulykker med lettare personskade mellom krysset med Mildevegen og Hjellegstad ferjekai. 2 av ulykkene involverer fotgjengar og skjedde i området ved krysset med Grindhaugvegen og parkeringsplassen, ca. 275 m sør for kryssingspunktet på Tefreflaten. Den tredje var ei sykkelulykke nær ferjekaien. Ulykkene skjedde i 2007 og 2008.

Det er gjort teljing av kryssande ettermiddag 15.5. og morgon den 21.5 2014. Mellom kl. 07-09 er det talt 10 kryssande barn, kor av 3 på sykkel, i perioden 7.30-8.00. På ettermiddag er det registrert 8 kryssande barn i perioden 13.15-14.45. Tal på kryssande i maksimaltime er 10 personer. Supplerande teljing i oktober 2014 viste 9 kryssande i maksimaltimen 7.30-8.30 om morgonen, og 1 – ein - kryssande mellom 1330 og 15.30

I Statens vegvesen sin vegleiar V127 Gangfeltkriterier (tidl. handbok 270) er det gitt kriterier for vurdering av tiltak ved kryssingspunkt. Ved trafikkmengde mellom 2000 og 8000 ÅDT er kravet 20 kryssande i maksimaltimen alt. 15 barn i maksimaltimen der det er skulebarn.

I høve til kriteria i vegleiar V127 er ikkje krav til nytt gangfelt oppfylt med omsyn til tal kryssande, og vegleiararen tilrår ikkje gangfelt men alternativt tilrettelagt kryssingstad.

Oppsummering

Ut frå dagens situasjon finn ikkje Statens vegvesen tilstrekkeleg grunnlag for å foreslå å prioritere trafikksikringstiltak som fartsdemping og evt. gangfelt. Det vil bli lagt vekt på veglys og siktilhøve ved kryssingspunktet er tilfredsstillande.

Dersom situasjonen over tid endrar seg t.d. i høve til auke av tal på kryssande vil det vere aktuelt å vurdere tilhøva på nytt.

2. Trafikksikre for myke trafikanter i krysset Mildeveien/Grimseidveien

Statens vegvesen har i 2013-14 handsama forespørslar/søknader om trafikksikring i krysområdet kv. Grimseidvegen og fv 174 Mildevegen.

Det er gjort registreringer av kryssande og gjennomført fartsmålingar i 2012-13. På grunn av registrert lavt fartsnivå samt for få kryssande er det førebels ikkje grunnlag for å merke gangfelt. Dette har også samanheng med at dagens vegareal ikkje er tilstrekkeleg til å etablere ei tilfredsstillande løysing. Som følge av dette har Statens vegvesen seinast i brev datert 14.01.2014 uttalt følgjande:


Vi viser til tidligere korrespondanse i denne saken, din e-post av 11.12.2013. I Bergen kommunes trafikksikkerhetsplan 2014-2017 er det meldt inn ønske om opphøyd gangfelt på dette stedet. Som vi allerede har skrevet i vårt brev av 25.10.2013, ligger på dette stedet forholdene dårlig til rette for å merke opp gangfelt av krysområdet. For å forbedre situasjonen i området, vil det være nødvendig å gjennomføre en ombygging. Det er imidlertid ikke satt av midler til en slik ombygging i 2014, men vi vil arbeide videre med å få frem en god løsning for de kryssende og få oversikt over hva det vil koste. Utbedring kan derfor tidligst skje i perioden 2015-2017.

Oppsummering


I inneverande byggeprogram for 2015 eller i handlingsplan for trafikksikring 2014-17 er det ikkje prioritert trafikksikringstiltak i område ved krysset fv 174 Mildevegen og kv Grimseidvegen. Statens vegvesen vil arbeide vidare med å få utarbeidd plan for ei løysing, dette som grunnlag for avklaring av trong for evt. grunnverv og kostnad for gjennomføring av tiltak. Tidspunkt for gjennomføring vil avhenge av desse momenta.

Plan og forvaltning

Med helsing



Sindre Lillebø
Seksjonsleder



Trond Hollekim

Epost med vedlegg datert 10.4.2014 frå FAU Hjeltestad skole v/ Trine Marcussen

Epost datert 29.8. 2014 frå Statens vegvesen

Brev datert 25.10.2013 frå Statens vegvesen (vedr. Mildevegen) SVEIS 2013097921 dok. 4

Brev datert 01.01.2014 frå Statens vegvesen (vedr. Mildevegen) SVEIS 2011096586 dok. 6 vedlegg

- Epost med vedlegg datert 10.4.2014 frå FAU Hjellestad skole v/ Trine Marcussen
- Epost datert 29.8. 2014 frå Statens vegvesen
-
- Brev datert 25.10.2013 frå Statens vegvesen (vedr. Mildevegen) SVEIS 2013097921 dok. 4
- Brev datert 01.01.2014 frå Statens vegvesen (vedr. Mildevegen) SVEIS 2011096586 dok. 6